Samtykkeskjema for føresette

Vaksinering av barn og ungdom i alderen 6 månader til og med 15 år

COVID-19 (koronasjukdom) gjev i hovudsak luftvegsinfeksjon, men kan også gje symptom frå andre organ. Dei aller fleste barn og unge toler COVID-19 godt, men som hos vaksne har likevel barn og unge med enkelte sjukdomar høgare risiko for å bli alvorleg sjuke. Personar opp til 18 år med alvorlege tilstandar eller grunnsjukdomar som kan gje auka risiko for alvorleg COVID-19, blir derfor tilrådde årleg vaksinasjon.

Tidlegare uvaksinerte barn med alvorleg grunnsjukdom i alderen 6 månader til og med 4 år, som ikkje tidlegare har gjennomgått COVID-19, skal vanlegvis ha 2 eller 3 dosar, avhengig av kva vaksine dei får tilbod om. Vaksinasjonsstaden gjev informasjon om kor mange dosar barnet skal ha, og om intervalla mellom dosane.

Barn i alderen 6 månader til og med 11 år bør vurderast individuelt av lege før vaksinasjon.

Tilrådinga gjeld barn som har:

- gjennomgått organtransplantasjon
- immunsvikt
- hematologisk kreftsjukdom, til dømes leukemi eller lymfom, dei siste fem åra
- annan aktiv kreftsjukdom eller pågåande eller nyleg avslutta kreftbehandling, det vil seie behandling som er avslutta i løpet av dei siste seks månadene
- nevrologiske sjukdomar eller muskelsjukdomar som fører til nedsett hostekraft eller nedsett lungefunksjon
- kronisk alvorleg leversjukdom
- kronisk alvorleg nyresjukdom med monaleg nedsett nyrefunksjon
- alvorleg hjartesjukdom
- alvorleg lungesjukdom
- annan alvorleg eller kronisk sjukdom der covid-19 utgjer ein alvorleg helserisiko, etter ei individuell vurdering av barnelege. Dette kan til dømes gjelde personar med medfødde kromosomavvik, som Downs syndrom, eller genetiske syndrom.

COVID-19-vaksine til barn

Vaksinasjon er det beste tiltaket for å førebyggje alvorleg COVID-19. Vaksinen inneheld ikkje levande virus og kan ikkje gje koronainfeksjon.

Dei aller fleste biverknadene som oppstår 1-2 dagar etter vaksinasjonen, er milde eller moderate og går over etter nokre dagar. Vanlege biverknader er smerter og hevelse på injeksjonsstaden, trøyttleik, hovudverk, muskelsmerter, frysningar, leddsmerter og feber. Allergiske reaksjonar kan førekome.

Tilfelle av kraftige menstruasjonsblødingar er rapporterte, men dei fleste tilfella er lite alvorlege og forbigåande.

Betennelse i hjartemuskelen eller hjarteposen (myokarditt/perikarditt) kan i svært sjeldne tilfelle oppstå etter vaksinasjon. Tilstanden kan gje brystsmerter, tung pust, hjartebank og feber. Kontakt lege dersom barnet får slike symptom. COVID-19 kan gje meir alvorleg påverknad på hjartet hos enkelte enn det som kan oppstå etter vaksinen. Denne biverknaden bør derfor ikkje hindre barn og ungdom i å få tilbod om vaksine.

Før vaksinasjon

Vaksinering er frivillig. Barn og ungdom som ikkje har fylt 16 år, må ha samtykke frå føresette for å bli vaksinerte. Dersom dei føresette har sams foreldreansvar, må begge føresette samtykke. Barn under 16 år har også rett til å få informasjon og skal få seie meininga si ut frå alder og modnad. Gje beskjed dersom barnet tidlegare har hatt ein alvorleg allergisk reaksjon, eller har fått ein annan vaksine for mindre enn ei veke sidan.

Klipp her

Namn på barnet:	Fødselsdato:

Eg/vi ønskjer at barnet mitt/vårt skal vaksinerast mot COVID-19.

Kryss av for kva dose det no blir gjeve samtykke til:

Årleg dose ☐

For tidlegare uvaksinerte barn med alvorleg grunnsjukdom i alderen 6 månader til og med 4 år, som ikkje tidlegare har gjennomgått COVID-19 infeksjon, eller for eldre barn med alvorleg grunnsjukdom:

Dose 1 ☐ Dose 2 ☐ Dose 3 ☐

Føresette med foreldreansvar:

Føresett 1:

Fullt namn (skriv tydeleg): _____

Underskrift: _____

Telefonnummer: _____

Føresett 2:

Fullt namn (skriv tydeleg): _____

Underskrift: _____

Telefonnummer: _____